



## MØTEPROTOKOLL

---

Utval Rådet for menneske med nedsatt funksjonsevne  
Møtestad: Grandmo lagshus, frivilligsentralen  
Møtedato: 27.02.2017

---

Start  
kl.:09.00  
Slutt  
kl.:12.45

### Til stades på møtet

**Medl.:** Anne Marie Bolstad, Olav E. Moe, Else Karin Øvrebø, Gunn Beate Thorsnes Lefdal.

**Forfall:**  
**Varamedl.:**

**Frå adm. (evt. andre):** I fellesmøte: Rådmann Jarle Skartun, kommunalsjef John Olaf Røhme, leiar for omsorgstenesta Kari Paulsen, fagleiar Hafslo omsorgssenter Margrete Søhoel Røneid, kommunelege Knut Cotta Schønberg, leiar for frivilligsentralen Anita Kjørlaus, sekretariatet Britt Veum Hauge, Kari Leirdal og Anita Bjørk Ruud. I møtet til Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne: Karin Leirdal.

**Medlemene hadde ikkje merknad til innkalling og sakliste.**

### SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Tittel</b>
1/17	17/932 <b>Godkjenning av møtebok.</b>
2/17	17/926 <b>Årsmelding 2016, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, eldrerådet og brukarutvalet for samhandlingsreforma.</b>
3/17	17/917 <b>Informasjon, referat- og drøftingssaker</b>

### Underskrifter:

Vi stadfester at det som er ført i møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Møteprotokoll er sendt til:

Medlemene, varamedlemer, rådmann, revisor, kontrollutvalet, biblioteket i kommunen, lokalavisa, NRK-Førde og Luster radio.

## **Godkjenning av møtebok.**

### **Handsaming:**

Olav E. Moe tok opp retting/ending i møteprotokollen av 28.11.2016 sak nr. 16/16 Ymse.

Følgjande punkt går ut: «Rådet ynskjer informasjon om ny teknologi mm som vert teke i bruk i helsetenesta, t.d. nye løysingar for bruk av oksygen.»

Nytt andre punkt: Rådet ynskjer informasjon om korleis kommunen held seg orientert om ny teknologi.

I fellesmøtet i dag orienterte administrasjonen om omorganiseringa som pågår i omsorgstenestene i kommunen.

I høve til velferdsteknologi, noko som kommunen satsar på, er to tilsette ergoterapeutar og tre fysioterapeutar fagpersonale som legg til rette for dette. Kommunestyret si målsetjing er at flest mogeleg skal få bu lengst mogeleg heime eller i omsorgsbustad med tenester etter behov, også heildøgns tenester. Kommunen aukar difor innsatsen i førebyggjande tiltak. Velferdsteknologi blir og vurdert og arbeidd med ved tilpassing av bustader.

### **VEDTAK:**

Møteprotokollen av 28.11.2016 blir endra i sak nr. 16/16 Ymse.

Nytt vedtak:

- Rådet understrekar at det kan ikkje vere slik at innføringa av nye digitale løysingar diskriminerer eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.
- Rådet ynskjer informasjon om korleis kommunen held seg orientert om ny velferdsteknologi.

Rådet er nøgde med orienteringa frå administrasjonen som dekkar svar på spørsmålet i punkt 2.

Protokollen blir å teikna under i neste møte.

2/17

## **Årsmelding 2016, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, eldrerådet og brukarutvalet for samhandlingsreforma.**

### **Handsaming:**

Framlegg til felles Årsmelding for råda og utvalet vart lagt fram i møtet.

Rådet meiner at felles Årsmelding for råda og brukarutvalet er greitt. Det er ryddig med eitt dokument slik som framlagt.

Rådet har ingen merknad elles til Årsmeldinga.

### **VEDTAK:**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, godkjenner årsmelding for 2016 og sender den til kommunestyret til orientering.

3/17

## **Informasjon, referat- og drøftingssaker**

### **Handsaming:**

Framlag til møtet:

- Årsmelding 2016 frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Spørsmål frå medlem i Rådet og leiar i NFU, Olav E. Moe:  
Dei har høyrte at fleire får tenester frå Busenteret og det er ynskje om svar på følgjande spørsmål:  
  
« Har Busenteret fått tilført tilstrekkelege resursar slik at alle får den hjelpa dei har krav på i høve til enkeltvedtak?».

### **Informasjon i fellesmøte:**

#### **Status og omstillingsarbeidet i omsorgstenesta:**

##### **Kommunalsjef John Olaf Røhme:**

Grunnlaget for omstillingsarbeidet er kommunestyret sitt vedtek i 11 punkt frå april 2016, og ny økonomisk ramme.

Omstillingsarbeidet som er gjennomført så langt har vore krevjande med mange tunge prosessar – der ein samstundes skal levere gode tenester kvar dag.

##### Ny organisering:

Det er etablert ei teneste – Omsorgstenesta - med Kari O. Paulsen som leiar. Den nye organiseringa vart formelt sett i verk frå 1.1.2017.

Omsorgstenesta består no av fire driftseiningar, eit sentralkjøken og eit tenestekontor. Dei fire driftseiningane er:

- Luster omsorgssenter med Liv Hunshamar som einingsleiar
- Gaupne omsorgssenter med Tone K. Kveane som einingsleiar
- Hafslo omsorgssenter med Ruth Karin Kvam som einingsleiar
- Grandmo busenter med Merethe Marvik som einingsleiar.

Dei fire einingsleiarane har totalansvar for fag, personell og økonomi for sine einingar. Kari O. Paulsen er leiar for tenestekontoret som m.a. arbeider med tildeling av tenester, økonomistyring, IKT, innleige, utviklingsprosjekt mm.

I dette arbeidet ligg og ansvaret for dialogen med brukarar og pårørande om tildeling av tenester mm.

Kommunen sitt tildelingsteam er vidareført som før og dei har fast møte kvar onsdag.

#### Nytt budsjett:

Det er utarbeidd eit nytt budsjett for 2017 som er tilpassa nye økonomiske rammer.

I dette ligg at budsjettet for 2017 er teke ned med om lag 5 mill. Det er enno stor usikkerheit knytt til dei faktiske økonomiske resultatane.

#### Ny samansetjing av tenestetilbodet:

I tråd med kommunestyret sitt vedtak vert no tenestetilbodet slik:

- Langtidsplassar i sjukeheim og omsorgsbustadar i Luster
- Omsorgsplassar med heildøgns tenester, korttidsavdeling (KA) og omsorgsbustadar i Gaupne.
- Omsorgsplassar med heildøgns tenester for demente, dagtilbod og omsorgsbustadar på Hafslo.
- Tilbod til menneske med nedsett funksjonsevne ved Grandmo / i regi av Grandmo.

Omlegginga og overgangen til nytt tenestetilbod skal skje gradvis.

#### Nye bemanningsplanar og ny årsturnus frå 20. februar:

Det er utarbeidd nye døgnrytmeplanar og nye bemanningsplanar – tilpassa den nye samansetjinga av tenestetilbodet.

Arbeidet med ny årsturnus har vore krevjande og alt er enno ikkje på plass. Det er særleg krevjande å dekke opp helger.

Turnusane skal i størst mogleg grad fremje integrering av dei som arbeider «inne og ute» ved dei tre omsorgssentra.

I dette ligg også ei målsetjing om aua fleksibilitet i høve dei til ei kvar tid gjeldande behova for tenester.

#### Nytt tidspunkt for middag:

I Gaupne og på Hafslo er middag flytta til kl. 15.30 - i tråd med nye nasjonale føringar. Det er forventet fleire positive gevinstar av dette.

I Luster vil ein inntil vidare vidareføre same middagstidspunkt som før, men ein tek sikte på ei omlegging også der.

Ved flytting av middagstidspunkt må bemanningsplanar og turnusar tilpassast dette.

#### Ombygging:

Ombygginga på Hafslo er gjennomført som planlagt og ein har no 18 pasientrom ved omsorgssenteret på Hafslo.

Det vil i tillegg bli gjort mindre ombyggingar av kontor og nokre andre rom ved Gaupne omsorgssenter.

#### Nytt dagtilbod på Hafslo:

Det nye dagtilbodet starta opp måndag 20. februar.

Tilbodet er i ein oppstartfase og det vil bli arbeidd vidare med utvikling av tilbodet, informasjon osv.

Uteområde vil bli tilrettelagd for ulike aktivitetar frå våren/sommar 2017.

### **Leiar for omsorgstenesta, Kari Paulsen informerte om status i omsorgstenesta:**

På Hafslo er det 18 plassar og 17 pasientar i dag. 2 pasientar er flytta til Luster etter ønske frå pårørande. Det er 16 leilegheiter, der ei er ledig, men tildelt.

I Gaupne er alle plassar tildelt. Me har hatt samtale med alle pårørande. 2 av pasientane har flytta til Luster. Det har gått fint.

Det er framleis tung pleie i Gaupne.

I Luster er det 28 pasientar. Det er 3 ledige leilegheiter.

Det er framleis 3 personar i Luster med omsorgsplassvedtak.

3 som tidlegare hadde omsorgsplass har fått langtidsplass.

Grandmo er det ingen nye brukarar etter 2010.

Det er nye turnusar og ein del spenning med det.

Me prøver å få til meir aktivitet i tilbodet.

Tenestekontoret har fått mange nye oppgåver. Dei har all innleige av vikarar i heile omsorgstenesta. Det har gått ganske bra.

Me har områdevikarar for å redusere overtidsbruk. Det er opp til oss å bruke områdevikaren best mogleg ved fråver.

Me er framleis sårbare på helg, særleg ved sjukefråver. Kari Paulsen rosa likevel dei tilsette som stiller opp på kort varsel på frihelga si.

Måltida er endra på Hafslo og i Gaupne, no 20. februar. Turnus og bemanningsplan er tilpassa til endringa. Middagen er seinare på dagen enn tidlegare.

Dette er tilpassa nasjonale føringar. Ordninga må få tid til å setje seg.

Det er spennande, men travle tider i omsorgstenesta.

**Fagleiar på Hafslo omsorgssenter, Margrete Søhoel Røneid**, informerte om det nystarta tilbodet på Hafslo, dagtilbod for demente. Me har 6-8 plassar, måndag, onsdag og fredag, kl. 9.30 – 15.00, fordelt på fleire brukarar.

Kommunen ordnar transporten. Det er 5 tilsette om vekslar på arbeidet, 2 på kvart skift. Elles jobbar dei i pleien. Hjelpepleiar med vidareutdanning i demens, vernepleiar, sjukepleiar og miljøarbeider.

Me planlegg enkle aktivitetar. Startar med kaffi og mat. Då kjem me i gang med praten. Alle er med på matlaginga. Det er varm lunsj kl. 13.30.

Aktivitetstilbodet vil vere variert; bingo, plantestell inne og ute i sansehage, trimøktar, ut på tur til fots eller i sykkelen frå Lions. Me arbeider for å få aktivitetar betre tilpassa menn. På sikt vil me også involvere frivillige organisasjonar i dette tilbodet, til dømes besøkstenesta og sogelag.

Dette er ei omsorgsteneste som det kan søkjast på, på same måten som andre omsorgstenester.

**Kommunalsjef John Olaf Røhme** informerte om at kommunestyret si målsetjinga er at flest mogleg skal få bu lengst mogleg heime eller i omsorgsbustad med tenester etter behov, også heildøgns tenester. Kommunen aukar difor innsatssen i førebyggjande tiltak. Velferdsteknologi blir vurdert og arbeidd med og tilpassing av bustader.

Lokale tiltak som balansegrupper er førebyggjande, dagtilbod på frivilligsentralen. Me set stor pris på samarbeidet med dei frivillige.

**Rådmann Jarle Skartun** la til at kommunestyret har vedteke at kommunen skal ha fokus på å betre transporttilbodet både for eldre og pårørande som har behov for det. Dette er ei sak me ser nærare på. Det blir vurdert å auke serviceskyssordninga i dialog med fylkeskommunen. Persontransportlova regulerer kva som er tillate av eigentransport mm.

## **Luster Frivilligsentral:**

**Dagleg leiar, Anita Kjølraug** informerte om frivilligsentralen sitt arbeid og kva tilbod dei har:

Måndag og tysdagar på føremiddagen er det norskopplæring for ei kvinnegruppe. Det er flyktningar som for tida er ute av introduksjonsprogrammet og andre som ynskjer å lære norsk. Det er mange frivillige med på arbeidet.

Måndag ettermiddag er det leksehjelp for elevar i vidaregåande skule. Pr i dag er det kun utanlandske som er med, men tilbodet gjeld også for norske elevar. Det er om lag 10-12 personar med dei frivillige kvar gong.

Torsdagar er det dagtilbod for eldre, kl. 10-14.30. Dei får gratis skyss og blir henta heime. Det er matservering og underholdning. Det er om lag 20 personar med dei frivillige.

Frå januar tok frivilligsentralen over drifta av ungdomstilbodet MENU, saman med ungdomsstyret. Tilbodet er for 7. kl opp til 17 år. Her er det m.a blitt arrangert ope skitrekke på Heggmyrane.

Frimoro-tilbodet for 4.-7. klasse er frivilligsentralen med og arrangerer. Det er eit stort arrangement 2 heile dagar ved skuleslutt på sommaren, sist med om lag 70 elevar.

I samarbeid med elevar som har valfaget Innsats for andre, har frivilligsentralen etablert bruktbutikk/gjenbrukssentral i yrkesskulebygget. Det har vore tidkrevjande arbeid, men vart veldig bra. Me har teke imot mykje varer.

Eineståande familiar er eit tilbod for dei som er mykje åleine med barna. Målet er å ha eit sosialt fellesskap. Me har mellom anna vore i Lustrabadet og på kinodag med restaurantbesøk.

Rett til vind i håret er samarbeidet med Lions, kommunen mfl. Dette er el-syklane som vart kjøpt inn til omsorgssentra i 2016, der me saman med Lions har hatt opplæring av 30 frivillige pilotar. Grandmo brukte syklane mykje sist haust.

Samarbeid med Luster turlag og barnas turlag.

Frivilligsentralen har vore med på fellesarrangement som lommelykttur, kom deg ut dagen. I april skal me ha tema med flyktningar om å gå tur, kva har me med på tur ovs. Då vil me involvere flykningar som var på med tur til Galdhøpiggen i 2016.

Det vert også planlagt deltaking på Galdhøpiggen til sommaren.

Elles informerte Kjølraug om at det er søkt om prosjektmidlar for nye tilbod, det blir arbeid med utstyrssentral og frivilligsentralen samarbeider med NAV om fleire tilbod.

**Styreleiar i frivilligsentralen, Jostein Melheim**, supplerte med informasjon om at det blir ombygging på sentralen i samband med at norskopplæringa skal halde til i lokala frå hausten 2017.

Akustikken er betre i møtesalen etter at det er montert plater i taket. Datanettet er noko ustabil, og det må bli betre før det kan vere undervisning i lokala.

## **Helsetenesta:**

**Kommunelege Knut Cotta Schönberg** informerte om status i [helsetenesta](#). Han hadde ein eigen presentasjon som følgjer vedlagt protokollen. Schönberg informerte også om [ny folkehelseprofil](#).

#### **Hjelp til pasientreiser:**

Råda har tidlegare etterspurt om kommunen kan hjelpe personar som treng hjelp til å sende krav til pasientreiser. Rådmannen svara at dei tilsette på servicetorget vil hjelpe med dette. Me vil informere om dette tilbudet.

#### **Diverse informasjon og spørsmål:**

Rådmannen informerte om [rekneskapet for 2016 og budsjett 2017](#), med utviklingsarbeid Luster 2020. Presentasjon følgjer vedlagt protokollen.

Det vart stilt spørsmål om [taksering av kraftverk](#) i høve til eigedomsskatt og rådmannen svara at for store kraftverk er det eit nasjonalt system med sentralskattekontor. Taksten vert sett ut frå fleire faktorar, men straumpris, produksjon og investeringar siste 5 år er med og avgjer verdien. Kommunen har bede om ny vurdering av taksten på Leirdøla kraftverk.

Det var også stilt spørsmål om når [adresseprosjektet](#) skal ferdigstillast slik at ambulansetenesta kan bruke adresser i staden for gards- og bruksnr. Rådmannen svara at alle adresser bør vere på plass etter sommarferien.

#### **Rådet hadde fylgjande innspel/merknader til Rådmannen sin informasjon i fellesmøtet.**

##### **Omstillingsarbeidet i omsorgstenesta**

Grandmo sine tenester og rutinar:

Rådet syner til spørsmål frå Olav E. Moe om resursar ved Busenteret.

Rådet er kjende med at ved Busenteret er det og andre brukarar utanfrå (som ikkje bur der) som får naudsynt hjelp til ymse tenester. Det føregår mykje skifting av personell på Busenteret, og dei «faste» som bur der får stadig nye kontaktar som dei skal halde seg til. Rådet vil påpeike at dei som har fått enkeltvedtak skal ha den hjelpa dei har fått i høve til vedtaket. ( Det er juridisk bindande.) Dei har krav på å få dei timane som er tildelte og skal ikkje dele dei med andre. Rådet vil meine at dette bør takast omsyn til ved planlegging av årsturnus.

Rådet ynskjer ei vidare orientering om Grandmo sine rutinar og tenester - Kva for planar som er lagde framover og korleis dei kan sikre seg gode nok tenester. Blir det auka tilsvarende nye brukarar, eller andre nye som ikkje bur der i det heile?

I tillegg ynskjer Rådet informasjon i høve til aktivitetar som menneske med nedsett funksjonsevne har rett til, eks. leirskule for utviklingshemma og tilbod på Beitostølen. Rådet er uroa over at ikkje alle får same tilboda og det er ulik praksis i høve til dekking av utgiftene.

Kven har rett til slike tilbod? Kven har mynde til å avgjere kven som får tilboda og kven som får midlar til å dekke utgiftene?

##### **Dagsenter for demente:**

Rådet er positive til dagsenteret for demente som er starta opp på Hafslo, og ser fram til utvikling med det vidare arbeidet som er planlagt framover. Rådet er særleg nøgde med at det blir oppretta god kontakt og dialog med dei pårørande. Det er avgjerande for å få fram behovet brukarane har slik at dei får best mogeleg nytte av tilboda.

**Frivilligsentralen.**

Rådet er godt nøgde med arbeidet som blir gjort, særleg samarbeidet med andre lag, t.d. Turlaget og Idrettslaget. Det er allereie kome i gang mange gode tilbod med sunne og gode aktivitetar, og det er gjort flott innsats med å få mange frivillige til å ta del.

**Helsetenesta.**

Rådet ser utfordringane i å skaffe nok helsepersonell og at det blir brukt mykje pengar med å skaffe nok vikarar i helgane.

Rådet er særleg uroa over stillinga til erfaringskonsulenten. Arbeidet han utfører er viktig og avgjerande for mange rusmissbrukarar. Kva skjer viss tilskotet fell bort, og kan ein prøve å dekke kostnaden på andre måtar? Erfaringskonsulenten gjer, i tillegg til oppfylging av brukarar, fleire tenester som t.d. å halda foredrag for andre kommunar. Kunne kommunen fått betalt for slike tenester?

**VEDTAK:**

Det vart ikkje gjort vedtak.